

Naturvernforbundet  
Bryggen 23  
5003 Bergen

Dato: 30.11.2016  
Vår ref.: 2015/10375-20  
Saksbehandlar: karnybo  
Dykkar ref.:

## **Klimaplan for Hordaland 2016 - tilsegn om inntil kr 100.000,- til Naturvernforbundet Hordaland til prosjektet "Prøvekjøre el-sykkel " Klimaplantilsegn nr 25 - 2016**

Viser til e-post frå dykk 21.11.2016.

Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, løyver inntil kr 100.000,- til prosjektet "Prøvekjøre el-sykkel".

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing Klimaplan for Hordaland i 2016

Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Tilsegna gjeld til 15.12.2016

### **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Gjennom handlingsprogrammet til Klimaplan for Hordaland, har fylkeskommunen medverka til dette prosjektet heilt sidan starten i 2012. Målet har vore å gjere el-sykkel meir kjent som attraktivt framkomstmiddel for jobbreiser. Dersom fleire nyttar el-sykkel framfor bil til jobbreiser, kan prosjektet medverke til mindre køkøyring, redusert utslepp av klimagassar, mindre lokal forureining, betre folkehelse og på sikt kanskje også betre arealeffektivitet i transportsektoren.

Ein sentral del av prosjektet er at tilsette hos samarbeidspartane i prosjektet får låne el-sykkel ei veke for prøve å bruke el-sykkel på til jobbreiser og til daglege ærend og fritidsføremål i den perioden. Målgruppa har vore vaksne bilistar i Bergensområdet sidan det er her det finst forhandlarar som vil låne ut sykklar. Dei som ønskjer å prøve el-sykkel i ei veke, bestiller gjennom [provekjore.no](http://provekjore.no). Samarbeidande forhandlarar tar seg av utleie og service

I 2014 vart eit slikt opplegg gjennomført for sentraladministrasjonen og Skyss i fylkeskommunen. I 2015 vart tilskotet til prøvekøyringa retta spesielt mot tilsette ved dei vidaregåande skulane og det vart understreka at det er eit mål å få tilbodet opp også utanom Bergen. Etter 2014 hadde fylkeskommunen 21 verdikodar/el-sykkel-lån til gode. I 2015 fekk fylkeskommunen 92 nye verdikodar og pr november 2016 har fylkeskommunen 95 verdikodar til gode.

Prøvekøyringa skal halde fram og i 2016 blir det gjennomført aktivitetar i bedrifter og på offentlege arrangement. Nettsidene blir utbetra og det er lagt til rette for å legge til nye transportmiddel. I 2016 startar arbeidet retta spesielt mot ungdom. Prosjektet vil samarbeide med Amalie Skram vidaregåande skole for å undersøke ungdoms reisevanar, haldningar til ulike transportmiddel og det å reise, og sjå etter tiltak for auke bruken av bærekraftig transport.

Totalt i prosjektet har 623 personer prøvekøyr i ei veke, og 899 personar på stand. Når dette tilsegnsbrevet blir skreve har 245 personer prøvekøyr elsykkel i ei veke i 2016 gjennom denne ordninga. 44 personar har prøvd el-sykkel på stand hittil i år.

## 2. PROSJEKTORGANISERING:

Prosjektansvarleg: Nils Tore Skogland  
Prosjektleiar: Mona Maria Løberg

## 3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

### Godkjende kostnader

Prosjektarbeid	kr	532 450
Arbeidstjenester (sykkelveilikehold og nettsideutvikling for Bergen)	kr	8 000
Felleskostnader	kr	134 419
Utstyr	kr	4 000
Reisekostnader	kr	100
Materiell	kr	2 000
Aktiviteter	kr	3 000
Revisjon	kr	1 094
Sum	<b>kr</b>	<b>685 063</b>

### Godkjend finansieringsplan

Egeninnsats Naturvernforbundet og andre støttespillere	kr	420 063
Helsedirektoratet	kr	100 000
Bergen kommune	kr	65 000
Hordaland fylkeskommune Klimaplan for Hordaland 2016	kr	100 000
Sum	<b>kr</b>	<b>685 063</b>

## 4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

### Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen.
- *Sluttrapporten* skal seie noko om:

- ◇ Bakgrunn for prosjektet
- ◇ Mål med prosjektet
- ◇ Oppnådde resultat
- ◇ Vurdering mot oppsette mål
- ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
- ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

### Utbetaling

- Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Når prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport med rekneskap til fylkeskommunen.
- Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

### Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### 5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Karen Nybø, tlf 55 23 93 18, [karen.louise.nybo@hfk.no](mailto:karen.louise.nybo@hfk.no).

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Akseptskjema  
Sluttrekneskapsskjema  
Kopi: Regionalavdelinga, Økonomi

***Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.***

## AKSEPTSKJEMA for Klimaplan for Hordaland 2016

Prosjektnamn: Prøvekjøre el-sykkel	Tilsegnsnr : Klimaplantilsegn nr 25 - 2016
Tilskot inntil kr: 100.000,-	
Tilskotet gjeld til : 15.12.2016	Vår ref. 2015/10375-20

**Fyllast ut av tilsegnsnittakar:**

Tilsegnsnittakar: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....

Prosjektansvarleg

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**

# SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

## Klimaplan for Hordaland 2016

Prosjektnamn: Prøvekjøre el-sykkel	Tilsegningsnr : Klimaplantilsegn nr 25 - 2016
Tilskot inntil kr: 100.000,-	
Tilskotet gjeld til : 15.12.2016	Vår ref. 2015/10375-20

**Fyllast ut av tilsegns-mottakar:**

Org. nr. \_\_\_\_\_ Kto.nr.bank/post \_\_\_\_\_

Namn: \_\_\_\_\_

Postadresse: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon/telefaks: \_\_\_\_\_ E-postadresse: \_\_\_\_\_

**SLUTTREKNESKAP:**

Rekneskapan under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Hordaland fylkeskommune		

Godkjent av prosjektleiar: \_\_\_\_\_

dato

signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: \_\_\_\_\_

dato

signatur og stempel

**ATTESTASJON AV REVISOR.**

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapan. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap.

**Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapan for prosjektet er gjennomført.**

Godkjent av revisor: \_\_\_\_\_

dato

signatur og stempel

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen**